



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 25.06.2020
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 12:00 - 21:00

Kl. 12:00 Generalforsamling Meland utbyggingsselskap AS
Orientering sluttrapport Green Spot Mongstad v/Baste Tveito

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF tom sak 65/20	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF tom sak 71/20	Medlem
Thea Risøy	KRF	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem
Morten Klementsén	FNB	Medlem
Terje Sletten-Hansen	FNB	Medlem
Hege Nygård Dale	FNB	Medlem
Heine Fyllingsnes	FNB tom sak 65/20	Medlem
Harald Breivik	FNB	Medlem
Ståle Hopland	FNB	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Esben André Helland	FRP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem

Hendrik Weber	R	Medlem
---------------	---	--------

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Yngve Walaker	FNB	Medlem
Thore Helland	FNB	Medlem
Maria Færø	FNB	Medlem
Svein Hagesæter	FNB	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Hogne Brunborg	AP	Tormod Skurtveit
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Malin Helene Andvik
Sean Røskeland	H	Ingrid Fjeldsbø
Fridtjof Kampevold	H	Nils Marton Aadland
Erlend Nævdal	FNB	Svein Hagesæter
Kjell Ove Larsen	FNB tom sak 62/20	Yngve Walaker
Kolbjørn Lunga	FNB tom sak 62/20	Thore Helland
Anna Ulrika Nordlund	SV	Andre Fresvik

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Kjartan Nyhammer-avd.leiar, Kristin Moe-kommunalsjef, Leni Dale-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Siril Therese Sylta-tenesteleiar, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
048/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
049/20	Godkjenning av møteprotokoll
050/20	Melding/orientering frå kontrollutvalet 25.06.2020
051/20	Forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune, Vestland
052/20	Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024
053/20	Akson: Felles kommunal journal og heilskapleg samhandling
054/20	2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan Akvakulturlokalitet Toska sør
055/20	Forskotering av tilskot for 2022
056/20	Særleg farleg skuleveg Meland
057/20	Investeringsprosjekt Bø bhg - inventar
059/20	Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd

- 058/20 Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd
- 060/20 Ny kommunal barnehage på Lindås - Auka budsjetttramme.
- 061/20 Finansiering av omsorgsbustader pluss, Langhøyane
- 062/20 Kjøp/makebyte av kai 4 - Lindås tomteselskap AS
- 063/20 Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring
- 064/20 Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune
- 065/20 Felles VA-norm for Alver kommune
- 066/20 Byvekstavtalen – handsaming av Miljøløftet sitt handlingsprogram 2021 – 2024
- 067/20 Finansrapport 2019 Lindås kommune
- 068/20 Årsrekneskap 2019 for Radøy, Meland og Lindås
- 069/20 Årsmelding 2019 for Radøy, Meland og Lindås
- 070/20 Opningsbalanse Alver kommune
- 071/20 1.tertialrapport 2020 Alver kommune
- 072/20 Sommarfullmakt ordførar
- 073/20 Vindkraft på land - uttale
- 074/20 Val av medlem i styret til Nasjonalforeningen Meland helselag 2020-2023
- 075/20 Val av styre til samlelegat for Lindås kommune
- 076/20 Val av styret til stiftelsen Olaug og Reidar Rambergs Legat
- 077/20 Val av utsending til årsmøtet i stiftinga Nordgardsløa 2020 - 2023
- 078/20 Val av skjønnsmedlemmar 01.01.2021 - 31.12.2024
- 079/20 Val av meddommarar til Nord- og Midhordland jordskifterett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024
- 080/20 Val av meddommarar til Bergen tingrett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024
- 081/20 Val av meddommarar til Gulating lagmannsrett for perioden 01.01.2021 - 31.12.2024
- 082/20 Melding/orientering til kommunestyret 25.06.2020
- 083/20 Spørsmål og interpellasjonar til kommunestyret 25.06.2020
- 084/20 NOU 2019: 23 Ny opplæringslov (kulturskule) - høyring

048/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Behandling:

Sak 84/20 vert handsama før sak 83/20

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke

KO- 048/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

**049/20: Godkjenning av møteprotokoll
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 049/20 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

050/20: Melding/orientering frå kontrollutvalet 25.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Framlegg frå SP, KRF, H og AP ved T.Larsen-H:

Kommunestyret tek meldinga frå kontrollutvalet til orientering.

Kommunestyret merkar seg behandlinga frå kontrollutvalet av sak 37/20, som no er endeleg behandla og avslutta av nevnte utval.

Kommunestyret vil støtte opp under oppfordringa frå eit samrøystes kontrollutval til administrasjonen om å følgja opp rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon.

Kommunestyret ber om at rutinar for habilitet og habilitetskrav blir lagt inn i plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret skal vedta hausten 2020.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 050/20 Vedtak:

Kommunestyret tek meldinga frå kontrollutvalet til orientering.

Kommunestyret merkar seg behandlinga frå kontrollutvalet av sak 37/20, som no er endeleg behandla og avslutta av nevnte utval.

Kommunestyret vil støtte opp under oppfordringa frå eit samrøystes kontrollutval til administrasjonen om å følgja opp rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon.

Kommunestyret ber om at rutinar for habilitet og habilitetskrav blir lagt inn i plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret skal vedta hausten 2020.

051/20: Forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune, Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Forskrift om jakt og fastetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune, Vestland» vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtaket har heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§5 og 6.

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 095/20 innstilling:

«Forskrift om jakt og fastetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune, Vestland» vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtaket har heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§5 og 6.

Alver kommunestyre 25.06.2020:**Handsaming:**

Innstilling frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 051/20 Vedtak:

Forskrift om jakt og fastetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune, Vestland» vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtaket har heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§5 og 6.

052/20: Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

Eldreråd 08.06.2020:**Handsaming:**

Randi Iden sette fram følgjande endringsframlegg:

Det vert forbod mot alkoholsal på julafta.

Framlegget frå Randi Iden fekk 7 røyster (Randi Iden, Jostein Dale, Torhild S. Syslak, Reidun Taule, Sigurd Knudsen, Svein Hagesæter, Olav M. Steinsland, og vart vedteke mot 2 røyster (Kirsti Gjetle Floen og Einar Lygre)

ER- 020/20 uttale:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre, med følgjande endring:

Det vert forbod mot alkoholsal på julafta.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:**Handsaming:**

Orientering til saka v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

Framlegg frå Else Marie Dale-Krf:

I solidaritet med dei som har det vanskeleg som følgje av alkoholmisbruk, bør det ikkje vera høve til sal av alkohol på julaftan.

RMNF støttar dermed rådmannen sitt opphavlege framlegg på dette punktet.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster, mot 2 (Reidar Knudsen, Erling Jacobsen)

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF ønskjer at det før planen skal reviderast i 2024 vert kommunisert ei forventning til skjenkestadene om at lokala deira er tilgjengelege for alle.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 025/20 uttale:

I solidaritet med dei som har det vanskeleg som følgje av alkoholmisbruk, bør det ikkje vera høve til sal av alkohol på julaftan.

RMNF støttar dermed rådmannen sitt opphavlege framlegg på dette punktet.

RMNF ønskjer at det før planen skal reviderast i 2024 vert kommunisert ei forventning til skjenkestadene om at lokala deira er tilgjengelege for alle.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Handsaming:

Else Marie Skartveit Dale (KRF) sette fram følgjande endringsframlegg:

Forslag i tråd med opprinneleg forslag frå rådmannen: Det vert ikkje tillate med alkoholsal på julafta.

Framlegget frå Skartveit Dale fekk 4 røyster (Else Marie Skartveit Dale,KRF, Sølvi Knudsen,SP, Astrid Anne Fjeldstad,SP, Thore Helland,FNB), mot 4 røyster i mot (Ståle Hauge,AP, Kirsti Gjette Floen,AP, Roy Bø,FRP, Hendrik Weber,Rødt).

Utvalseiar Ståle Hauge si dobbelrøyst avgjorde at framlegget fall.

Utvalet røysta deretter over alkoholpolitisk plan i sin heilskap.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 021/20 innstilling:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Framlegg frå A.Hetlebakke-KRF:

Saka vert utsett for å presisera formuleringar i planen som er opne for tolkning.

44 rep tilstades under røystinga.

Framlegget fekk 10 røyster og fall, MDG, SV og KRF.

Framlegg om endring frå A.Hetlebakke-KRF:

Framlegg til endring av kulepunkt 2 og 3 under del III, Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk.

Kulepunkt 2: Stryk julafta. Kulepunkt 3: Føy til julafta.

Framlegget vart vedteke med 24 røyster, KRF, SP, 5FNB, MDG, SV og V

Framlegg frå AP, H og SP ved Ø.Oddekalv-AP:

8.2 Skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar:

Endring i namn på punkt vart samrøystes vedteke

- Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiar med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.

Framlegget vart samøystes vedteke.

- Som er tiltenkt idretts- mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom samstundes som slik aktivitet går føre seg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

- I grunnskular og kombinerte anlegg for skule-jfr. Opplæringslova § 9-5.
 - o «I grunnskular og kombinerte anlegg for skule og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.»
 - o «Særlege høve» vert i denne samanheng definert til å gjelde: Større arrangement som går føre seg 1- 2 gonger pr. år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmande.
 - o Tvilstilfelle av «særlege høve» skal avgjerast i utval for helse og omsorg eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.

Framlegget vart vedteke med 34 røyster, vart satt opp mot framlegg frå A.Byrknes-KRF.

- Skjenkeløyve i kommunale idrettshallar med unntak av hallar som tilhøyrer kombinerte anlegg, vert berre gjeve til særskilte arrangement som er av ein slik storleik at dei ikkje kan arrangerast i andre utleigelokale i nærområda. Alkohol kan heller ikkje takast med for nyting i slike anlegg.
- Stader som spesielt tiltrekkjer seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå A.AA.Byrknes-KRF:

Kulepunkt 3 vert slik: I grunnskule og kombinerte anlegg for skule.

Framlegget fekk 11 røyster og fall.

Innstillinga frå utval for helse og omsorg med endringar vart samrøystes vedteke.

KO- 052/20 Vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 er vedteke med følgjande endringar: Endring av kulepunkt 2 og 3 under del III, Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk. Kulepunkt 2: Stryk julafta. Kulepunkt 3: Føy til julafta.

Endring tittel: 8.2 Skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar:

- Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiar med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.
- Som er tiltenkt idretts- mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom samstundes som slik aktivitet går føre seg.
- I grunnskular og kombinerte anlegg for skule-jfr. Opplæringslova § 9-5.
 - o «I grunnskular og kombinerte anlegg for skule og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.»
 - o «Særlege høve» vert i denne samanheng definert til å gjelde: Større arrangement som går føre seg 1- 2 gonger pr. år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmande.
 - o Tvilstilfelle av «særlege høve» skal avgjerast i utval for helse og omsorg eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.

- Skjenkeløyve i kommunale idrettshallar med unntak av hallar som tilhøyrrer kombinerte anlegg, vert berre gjeve til særskilte arrangement som er av ein slik storleik at dei ikkje kan arrangerast i andre utleigelokale i nærområda. Alkohol kan heller ikkje takast med for nyting i slike anlegg.
- Stader som spesielt tiltrekkjer seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve.

053/20: Akson: Felles kommunal journal og heilskapleg samhandling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse-og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Eldreråd 08.06.2020:

Handsaming:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte i saka og svara på spørsmål om aktuelle problemstillingar knytt til felles kommunal journal og heilskapleg samhandling.

Eldrerådet har ingen merknader. Samrøystes.

ER- 021/20 uttale

Eldrerådet har ingen merknader.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Handsaming:

Orientering til saka v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

Framlegg frå Magne Bjørndal:

I tillegg til personvernomsyn, må det gjennom heile prosessen leggjast avgjerande vekt på universell utforming. Dette inneber t.d. at personar som nyttar talesyntese, forstøringsprogram eller leselest for punktskrift både kan nytta systemet når dei er pasientar og ønskjer innsyn, og som tilsette på stader der systemet er eit arbeidsverktøy.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 023/20 uttale:

I tillegg til personvernomsyn, må det gjennom heile prosessen leggjast avgjerande vekt på universell utforming. Dette inneber t.d. at personar som nyttar talesyntese, forstøringsprogram eller leselest for punktskrift både kan nytta systemet når dei er pasientar og ønskjer innsyn, og som tilsette på stader der systemet er eit arbeidsverktøy.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Handsaming:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte i saka og svara på spørsmål.

Etter ei grundig drøfting vart det sett fram følgjande fellesframlegg som tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Helse- og omsorgsutvalet er oppteken av at

- Personvernomsynet vert svært strengt i nytt journalsystem
- journaleigar automatisk varslast via sms eller epost når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge

HO- 020/20 uttale:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse-og

omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemdar som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Helse- og omsorgsutvalet er oppteken av at

- Personvernomsynet vert svært strengt i nytt journalsystem
- journaleigar automatisk varslast via sms eller epost når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge

Alver formannskap 11.06.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 054/20 innstilling:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemdar som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Framlegg frå AP, KRF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemdar som yter helsetenester. Det skal også leggjast til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområde.

Alver kommune er i tillegg opptatt av at:

- det gjennom heile prosessen må leggjast avgjerande vekt på universell utforming
- personvernomsynet blir ivaretatt på best mogleg vis i det nye journalsystemet
- journaleigar automatisk blir varsla via SMS eller e-post når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge
- Akson ikkje vil føre til auka kostnader til innkjøp og bruk av journalsystem for kommunen enn i dag

Det må leggjast fram ny sak for Alver kommunestyre før ein inngår ein forpliktande avtale.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster, M.I.Wergeland-SP og E.Helland-FRP

Framlegg M.I.Wergeland-SP:

Kommunestyret i Alver har per no lite informasjon om kva AKSON vil bety av fordelar og ulemper for innbyggjarar, helse- og omsorgspersonellet og kommunen sin økonomi. Vi ser ikkje å kunne underskrive nokon intensjonsavtale før fleire detaljar er på plass og vi veit kva dette betyr for kommunen og innbyggjarane.

Framlegget fekk 19 røyster og fall (SP, 8FNB, MDG og V)

KO- 053/20 Vedtak:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemdar som yter helsetenester. Det skal også leggjast til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområde.

Alver kommune er i tillegg opptatt av at

- det gjennom heile prosessen må leggjast avgjerande vekt på universell utforming
- personvernomsynet blir ivaretatt på best mogleg vis i det nye journalsystemet

- journalleigar automatisk blir varsla via SMS eller e-post når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge
- Akson ikkje vil føre til auka kostnader til innkjøp og bruk av journalsystem for kommunen enn i dag

Det må leggast fram ny sak for Alver kommunestyre før ein inngår ein forpliktande avtale.

**054/20: 2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan Akvakulturlokalitet Toska sør
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Akvakulturlokalitet Toska sør, PlanID 12602019000400, som vist på plankart sist datert 4.11.2019 og med føresegner av revisjonsdato 25.5.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12 – 12.»

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 096/20 innstilling:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Akvakulturlokalitet Toska sør, PlanID 12602019000400, som vist på plankart sist datert 4.11.2019 og med føresegner av revisjonsdato 25.5.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12 – 12.»

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Innstilling frå utval for areal, plan og miljø vart vedteke mot 1 røyst, A.Nordlund-SV.

KO- 054/20 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Akvakulturlokalitet Toska sør, PlanID 12602019000400, som vist på plankart sist datert 4.11.2019 og med føresegner av revisjonsdato 25.5.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12 – 12.»

055/20: Forskotering av tilskot for 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune forskoterer tilskot for 2022 til dei private barnehagane med kr. 2.900.000. Det forskoterte tilskotet blir betalt ut i 2020, og trekt i frå ved berekning av tilskot for 2022.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 023/20 uttale:

Alver kommune forskoterer tilskot for 2022 til dei private barnehagane med kr. 2.900.000. Det forskoterte tilskotet blir betalt ut i 2020, og trekt i frå ved berekning av tilskot for 2022.

Alver formannskap 11.06.2020:

Handsaming:

Tilleggsframlegg få S.Sekkingstad-SP:

Finansieringa er tatt inn i 1.tertialrapport.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 055/20 innstilling:

Alver kommune forskoterer tilskot for 2022 til dei private barnehagane med kr. 2.900.000. Det forskoterte tilskotet blir betalt ut i 2020, og trekt i frå ved berekning av tilskot for 2022. Finansieringa er tatt inn i 1.tertialrapport.

Alver kommunestyre 25.06.2020:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 055/20 Vedtak:

Alver kommune forskoterer tilskot for 2022 til dei private barnehagane med kr. 2.900.000. Det forskoterte tilskotet blir betalt ut i 2020, og trekt i frå ved berekning av tilskot for 2022. Finansieringa er tatt inn i 1.tertialrapport.

056/20: Særleg farleg skuleveg Meland**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Analysereporten om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – Meland, blir lagt til grunn for vidare sakshandsaming av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Ungdomsråd 02.06.2020:**Handsaming:**

Orientering i saka v/Leif B. Hopland.

Ungdomsrådet meiner det er bra at kommunen har ein slik rapport, og støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

UR- 021/20 utfale:

UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 022/20 innstilling:

Analysereporten om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – Meland, blir lagt til grunn for vidare sakshandsaming av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Alver kommunestyre 25.06.2020:**Handsaming:**

Innstilling frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 056/20 Vedtak:

Analysereporten om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – Meland, blir lagt til grunn for vidare sakshandsaming av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

057/20: Investeringsprosjekt Bø bhg - inventar**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Bø Barnehage med 3,5 mill inkl mva. Midlane skal dekke innkjøp av inventar til 6 avdelingar.

Alver formannskap 11.06.2020:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå S.Sekkingstad-SP:

Auken vert tatt inn i 1. tertialrapport.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 057/20 innstilling:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Bø Barnehage med 3,5 mill inkl mva. Midlane skal dekke innkjøp av inventar til 6 avdelingar.

Auken vert tatt omsyn til i 1. tertialrapport.

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 057/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Bø Barnehage med 3,5 mill inkl mva. Midlane skal dekke innkjøp av inventar til 6 avdelingar.

Auken vert tatt omsyn til i 1. tertialrapport.

059/20: Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 036/20 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Innstilling frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 059/20 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

058/20: Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver idrettsråd, slik han ligg ved saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 035/20 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver idrettsråd, slik han ligg ved saka.

Alver kommunestyre 25.06.2020:**Handsaming:**

Innstilling frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 058/20 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver idrettsråd, slik han ligg ved saka

060/20: Ny kommunal barnehage på Lindås - Auka budsjetttramme.**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma for ny kommunal barnehage på Lindås frå 69,9 millionar til 73,9 millionar kroner»

Alver formannskap 11.06.2020:**Handsaming:****Tilleggsframlegg frå S.Sekkingstad-SP:**

Auken vert tatt omsyn til i 1. tertialrapport.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 056/20 innstilling:

«Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma for ny kommunal barnehage på Lindås frå 69,9 millionar til 73,9 millionar kroner

Auken vert tatt omsyn til i 1. tertialrapport.

Alver kommunestyre 25.06.2020:**Handsaming:**

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 060/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma for ny kommunal barnehage på Lindås frå 69,9 millionar til 73,9 millionar kroner

Auken vert tatt omsyn til i 1. tertialrapport.

061/20: Finansiering av omsorgsbustader pluss, Langhøyane**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtek oppstart av prosjektet Langhøyane på Manger og prosjektkostnad på 15 millionar vert tatt inn i investeringsoversynet pr 1.tertial. Gjennomføring av prosjektet vert fordelt 7,5 millionar i 2020 og 7,5 millionar i 2021»

Alver formannskap 11.06.2020:**Handsaming:****Rådmannen sitt justerte framlegg vart lagt fram i møtet:**

«Kommunestyret vedtar oppstart av prosjektet Langhøyane på Manger, og prosjektkostnad på 15 050 000 kr blir tatt inn i investeringsbudsjettet og økonomiplanen. Prosjektet vert gjennomført med 7 500 000 kr i 2020 og 7 550 000 kr i 2021. Finansieringa av prosjektet vert tatt inn i 1. tertialrapport 2020 og tilskot frå husbanken på 9 050 000 vert tatt omsyn til.

Rådmannen sitt justerte framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 058/20 innstilling:

«Kommunestyret vedtar oppstart av prosjektet Langhøyane på Manger, og prosjektkostnad på 15 050 000 kr blir tatt inn i investeringsbudsjettet og økonomiplanen. Prosjektet vert gjennomført med 7 500 000 kr i 2020 og 7 550 000 kr i 2021. Finansieringa av prosjektet vert tatt inn i 1. tertialrapport 2020 og tilskot frå husbanken på 9 050 000 vert tatt omsyn til.

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 061/20 Vedtak:

«Kommunestyret vedtar oppstart av prosjektet Langhøyane på Manger, og prosjektkostnad på 15 050 000 kr blir tatt inn i investeringsbudsjettet og økonomiplanen. Prosjektet vert gjennomført med 7 500 000 kr i 2020 og 7 550 000 kr i 2021. Finansieringa av prosjektet vert tatt inn i 1. tertialrapport 2020 og tilskot frå husbanken på 9 050 000 vert tatt omsyn til.

062/20: Kjøp/makebyte av kai 4 - Lindås tomteselskap AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyre vedtek å setje i gang ein prosess for å overta kai 4 frå Lindås tomteselskap AS.
- Kommunestyret ber om at følgjande gruppe vert satt ned for å bli einig om pris for kai 4 ved kjøp/makebyte:
 - Frå Lindås tomteselskap: Styreleiar og dagleg leiar
 - Frå Alver kommune: Ordførar og rådmannEndeleg avtale om kjøp/makebyte skal godkjennast av kommunestyret.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å setje i gang forhandlingar med Asset Buyout Partners AS med mål om å komme fram til ei leigeavtale. Leigeavtala er eit alternativ til sal av kai 4 til ABP.

Alver formannskap 11.06.2020:

Handsaming:

Jostein Hellestveit stilte spørsmål om habilitet som møtande varamedlem til styret i Lindås Tomteselskap AS. Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at Jostein Hellestveit er inhabil i denne saka. Saka vart handsama med 12 medlemmar tilstades.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 059/20 innstilling:

- Kommunestyre vedtek å setje i gang ein prosess for å overta kai 4 frå Lindås tomteselskap AS.
- Kommunestyret ber om at følgjande gruppe vert satt ned for å bli einig om pris for kai 4 ved kjøp/makebyte:
 - Frå Lindås tomteselskap: Styreleiar og dagleg leiar
 - Frå Alver kommune: Ordførar og rådmannEndeleg avtale om kjøp/makebyte skal godkjennast av kommunestyret.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å setje i gang forhandlingar med Asset Buyout Partners AS med mål om å komme fram til ei leigeavtale. Leigeavtala er eit alternativ til sal av kai 4 til ABP.

Alver kommunestyre 25.06.2020:**Handsaming:**

Jostein Hellestveit stilte spørsmål om sin habilitet som møtande varamedlem til styret i Lindås tomteselskap AS.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at J.Hellestveit er inhabil i denne saka.

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 062/20 Vedtak:

- Kommunestyre vedtek å setje i gang ein prosess for å overta kai 4 frå Lindås tomteselskap AS.
- Kommunestyret ber om at følgjande gruppe vert satt ned for å bli einig om pris for kai 4 ved kjøp/makebyte:
 - Frå Lindås tomteselskap: Styreleiar og dagleg leiar
 - Frå Alver kommune: Ordførar og rådmann
- Endeleg avtale om kjøp/makebyte skal godkjennast av kommunestyret.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å setje i gang forhandlingar med Asset Buyout Partners AS med mål om å komme fram til ei leigeavtale. Leigeavtala er eit alternativ til sal av kai 4 til ABP.

063/20: Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver formannskap 30.04.2020:**Handsaming:****På vegne av samarbeidspartia SP,AP, KRF og H ved a.AA.Byrknes-KRF:**

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 046/20 Vedtak:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Ungdomsråd 02.06.2020:**Handfsaming:**

Orientering i saka v/Robert L Hansen.

UR tenkjer at dette er spennande arbeid, og vil nytta tida fram til høyringsfristen 15. juni til å komma med eit innspel til strategidokumentet.

UR- 022/20 uttale:

UR kjem med innspel til strategidokumentet innan 15. juni.

Eldreråd 08.06.2020:**Handsaming:**

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om strategidokumentet for Nordhordland Unesco biosfæreområde og svara på spørsmål frå medlemmane i rådet.

Leiar i rådet, Olav M. Steinsland, kom med følgjande tilleggsmerknad under Mål for

biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima:

Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d. samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet. Utover det ingen merknader.

ER- 019/20 uttale:

Eldrerådet har følgjande merknad til Strategidokument for Nordhordland Unesco biosfæreområde:

Mål for biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima:

Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d. samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kristin Nåmdal- leiar Plan og analyse

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 024/20 uttale:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Handsaming:

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg som uttale frå HO:

Helse- og omsorgsutvalet i Alver er positive til at det er utabeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024.

Høyringsinnspel:

- Vi utfordrar strategien til å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Helse og omsorgsutvalet er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet.*
- Utvalet ber om at strategidokumentet er utfyllande på forkortingar*
- Dokumentet bør klargjera korleis ein skal forstå bærekraft i det heile*
- Strategidokumentet bør skrivast slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne, kjenner seg att.*

Framlegg til uttale sett fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

HO- 019/20 uttale:

Helse- og omsorgsutvalet i Alver er positive til at det er utabeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024.

Høyringsinnspel:

- Vi utfordrar strategien til å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Helse og omsorgsutvalet er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet.*
- Utvalet ber om at strategidokumentet er utfyllande på forkortingar*
- Dokumentet bør klargjera korleis ein skal forstå bærekraft i det heile*
- Strategidokumentet bør skrivast slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne, kjenner seg att.*

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Handsaming:

Fellesframlegg:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 038/20 uttale:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 100/20 uttale:

Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Utval for næringsutvikling og drift 10.06.2020:

Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift er positive til at det no vert laga eit strategidokument for Nordhordland Biosfæreområde og støttar seg på høyringsuttale i saksutgreiinga frå administrasjonen.

Utvalet vil peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vetkleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Utvalet vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4.

Når det gjeld handlingsplanen, vil utvalet be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestrategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som fins av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil utvalet peika på viktigheita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Framlegget frå Lavik fekk 6 røyster og vart vedteke mot ei røyst (Maya Riise;MDG)

ND- 035/20 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift er positive til at det no vert laga eit strategidokument for Nordhordland Biosfæreområde og støttar seg på høyringsuttale i saksutgreiinga frå administrasjonen.

Utvalet vil peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vetkleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Utvalet vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4.

Når det gjeld handlingsplanen, vil utvalet be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestrategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som fins av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil utvalet peika på viktigheita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

Alver formannskap 11.06.2020:

Handsaming:

Fellesframlegg:

Endre Alver formannskap til Alver kommune.

Når det gjeld uttaler frå råd og utval vert dette å koma tilbake til i kommunestyret.

Framlegg med endringar og tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 065/20 innstilling:

Alver kommune er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Framlegg frå AP, KRF, SP og H ved Ø.Oddekalv-AP:

Alver kommune er positive til at det er utarbeidd eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er samanfatta i saksutgreiinga.

Alver kommune ønskjer og å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Alver kommune er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet.

Vidare ber vi om at:

- strategidokumentet er utfyllande på forkortingar
- dokumentet klargjer korleis ein skal forstå berekraft i det heile
- strategidokumentet blir skriva slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og

funksjonsevne, kjenner seg att.

Alver kommune vil vidare peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vektleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Alver kommune vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4.

Når det gjeld handlingsplanen, vil Alver kommune be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestrategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som finst av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil Alver kommune peika på viktigheita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

Alver kommune legg til grunn at finansiering av tiltaka blir dekkja gjennom kontingenten og eksterne bidrag.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 063/20 Vedtak:

Alver kommune er positive til at det er utarbeidd eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er samanfatta i saksutgreiinga.

Alver kommune ønskjer og å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Alver kommune er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet. Vidare ber vi om at:

- strategidokumentet er utfyllande på forkortingar
- dokumentet klargjer korleis ein skal forstå berekraft i det heile
- strategidokumentet blir skrivne slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne, kjenner seg att.

Alver kommune vil vidare peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vektleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Alver kommune vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4.

Når det gjeld handlingsplanen, vil Alver kommune be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestrategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som finst av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil Alver kommune peika på viktigheita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

Alver kommune legg til grunn at finansiering av tiltaka blir dekkja gjennom kontingenten og eksterne bidrag.

064/20: Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Eldreråd 08.06.2020:

Handsaming:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om utviklingsplanen for Vestland. Ho peika på at regionale planar betyr noko for kommunane, og det er difor viktig at Alver er engasjert i regionale planprosessar og kjem med innspel.

Eldrerådet kom ikkje med merknader.

ER- 023/20 uttale:

Eldrerådet har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kristin Nåmdal-leiar Plan og analyse

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 027/20 uttale

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Handsaming:

Sølvi Knudsen (SP) sette fram følgjande endringsframlegg:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyrings svar til orientering.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg frå Knudsen.

HO- 023/20 uttale:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyrings svar til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 040/20 uttale:

Ingen merknader.

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke - 8 røyster (H,Sp, Fnb, Ap, Krf)

APM- 102/20 uttale:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:**Handsaming:****Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg:**

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Alver kommune er medlem i Transparency International Norge.(TI), og dette medlemskapet fordrer ekstra for at kommunen har gode nok rutiner for at ansatte skal kunne varsle trygt og arbeidstakere som sier ifra, skal bli ivaretatt og beskyttet.

TI forteller at varsling er et effektivt bidrag til å forebygge, forhindre og avdekke korrupsjon, og at varsling kan være avgjørende for å oppdage faktisk korrupsjon. Videre fremhever TI Norge at varslingsprosesser ofte går av sporet og får store omkostninger, både for den som varslar og for den organisasjonen varselet gjelder. Det legges derfor stor vekt på å styrke varslingsinstituttet, slik at det blir trygt og effektivt å varsle, og slik at samfunnets omkostninger ved at ansatte lar være å varsle, reduseres.

Vedtak:

Alver kommune ber om at kontrollutvalget gjennomgår varslingsrutinene for kommunen, og undersøker hvordan de gjeldende rutinene har fungert så langt. Dette, for å sikre at kommunen har adekvate og gode interne rutiner som fungerer effektivt, både for ansatte, arbeidsgiver og innbyggerne. Kontrollutvalget leverer sin rapport til Kommunestyret innen rimelig tid.

Svar frå ordførar:

Ordførar vil takke interpellanten for å ta opp eit viktig tema.

Kva seier arbeidsmiljølova om varsling?

Arbeidsgjevar har plikt til å utarbeide rutinar for intern varsling, jf. aml § 2 A-6. Alle arbeidsplassar med minst fem tilsette skal ha rutinar for intern varsling. Desse rutinane skal utarbeidast i samarbeid med tilsette og tillitsvalde (verneombod), vere skriftleg og minimum innehalde:

- Oppfordring til å varsle om kritikkverdige tilhøve
- Framgangsmåte ved varsling
- Framgangsmåte for korleis arbeidsgjevar mottar, handsamar og føl opp varsling

Alver kommune sine retningslinjer for varsling er bygd opp slik at dei oppfyller lovkrava i arbeidsmiljølova og Arbeidstilsynets råd og retningslinjer for varslingsrutinar. Dette gjeld særskilt rundt arbeidstakarars rett til å varsle, arbeidsgjevars aktivitetsplikt ved varsling, god sakshandsaming av varsel og vern mot gjengjelding.

Kva rutinar og system har vi bygd opp i Alver?

Det blei gjort eit godt arbeid med varslingsrutinar i Lindås kommune, frå 2017/2018. I desse rutinane var det også foreslått ei varslingsgruppe som skulle ta imot varsel og initiere handteringa av varselet. I forbindelse med kommunesamanslåinga blei det i prosjektet «Overordna HMS-system for Alver kommune» vurdert at dette var noko som ein ville ta med inn i Alver kommune.

Prosjektet vurderte også kva system Alver kommune skulle ha for å varsle, og det blei beslutta å vidareføre avtalen som Lindås kommune hadde med «Mitt varsel» til Alver kommune. «Mitt varsel» er ein elektronisk varslingsportal kor varslar kan velje å varsle enten med namn eller anonymt. All dialog med varslar og sakshandsaming av varselet blir dokumentert i dette systemet.

Prosjektet vurderte også at varslingsrutinar for Alver kommune måtte prioriterast, slik at arbeidet med desse starta tidleg i januar og dei blei handsama på møte i H-AMU i februar 2020. Då fekk ein på plass ei rutine for handtering av varsel om kritikkverdige forhold i Alver kommune, ein rettleiar for tilsette som vil varsle om kritikkverdige forhold og retningslinje for varslingsgruppa i Alver kommune. Desse tre dokumenta utgjør våre varslingsrutinar.

Sentrale moment i rutinane er:

- Vurdering av habilitet
- Tilbakemelding til varslar
- Kontradiksjon
- God sakshandsaming
- Konklusjon og eventuelle tiltak

- Avslutning av saka

Alver kommune ei varslingsgruppe som består av kommunalsjef HR og utvikling, HMS-rådgivar og overordna HVO. Gruppa skal ta imot varselet, vurdere habilitet, gjere ei initiell vurdering av innhaldet og avklare vidare prosess. Dette vil kunne sikre god og lik handtering av varsel, og vil kunne sikre at alle varsel blir undersøkt på tilstrekkeleg vis. Gruppa vil også kunne sikre god ivaretaking av både varslar, den/dei omvarsla, og vere god støtte til leiar som gjerne skal handtere varselet.

Erfaringar med systemet

Etter kommunesamanslåinga har vi hatt 9 registrerte saker i varslingsssystemet. Fire av desse har vore feilregistrerte avvik, som er avslått som varsel og blir handtert i avvikssystemet. Desse sakene har gitt verdifull erfaring både med tanke på handtering av varsel, varslingsgruppa si rolle, ivaretaking av varslar og omvarsla. Varslingsgruppa si rolle er viktig i handteringa, særleg ovanfor leiar som skal handtera varselet. Gruppa vurderer sin eigen habilitet i forhold til varselet og habiliteten til leiar og andre som vil verte involvert i handteringa. Gruppa sikrar god og lik prosess i handteringa, og sikrar at saker ikkje blir lukka før dei er skikkelig undersøkt, alle partar har fått informasjon og at partane er omforeint med at saka er avslutta og vert lukka.

Evaluering

Varslingsgruppa er eit underutval av AMU, og skal rapportere til AMU ved slutten av året. Då vil det også bli gjennomført ei evaluering av varslingsssystemet– kva fungerer godt, kva kan gjerast annleis. Varslingsgruppa gjer også vurderingar undervegs i hanteringa av sakene som pågår, og gjer tilpasningar når det er nødvendig.

Ingen varslings saker er like, og dei er ofte vanskelege og krevjande å handtere. Kvar sak gir verdifull erfaring og innsikt. Etter kvart som ein får meir erfaring med varslings saker vil ein måtte justere rutine eller tilføye punkt som ein ikkje har tenkt på. Nødvendig justering/korrigerings av rutinar/prosedyrer vil vi gjere fortløpande, med medverknad frå sektor-AMU og H-AMU.

Andre moment

24. september vil alle leiarar bli invitert til seminar om varslings i regi av Arbeidstilsynet. Det vert også vurdert om verneomboda skal få tilbod. Tema for seminaret vil vere både det lovmessige knytt til varslings; kva er varsel, korleis skal varsel handterast, og så vil vi også snakke om kommunens rutinar knytt til varslings.

For ordførar er det viktig at den kommunale forvaltninga er open og transparent i alle ledd, og at vi har ein organisasjonskultur der ein arbeider systematisk for forbetring og utvikling. Ordførar er glad for at varslingsrutinene skal gjerast kjend for leiarane i organisasjonen, og vil be rådmannen syte for at rutinene vert gjort kjend i heile organisasjonen.

Ordførar støttar interpellanten i at det er viktig å ha gode varslingsrutiner, men ordførar meiner det er for tidleg å gjennomgå varslingsrutinene no, då varslingsrutinene i Alver er relativt ny, og ein ikkje har gjort seg mykje erfaring med dette enno.

Røysting over realitetshandsaming av 1.interpellasjon.

Framlegget om handsaming vart vedteke mot 1 røyst L.H.van der Kooij-SP

Framlegg interpellanten:

Alver kommune ber om at kontrollutvalget gjennomgår varslingsrutinene for kommunen, og undersøker hvordan de gjeldende rutinene har fungert så langt. Dette, for å sikre at kommunen har adekvate og gode interne rutiner som fungerer effektivt, både for ansatte, arbeidsgiver og innbyggerne. Kontrollutvalget leverer sin rapport til Kommunestyret innen rimelig tid.

Framlegget fekk 6 røyster (alle FNB) og fall

2.interpellasjon frå M.Klementsens-FNB:

M.Riise-MDG og L.Bjørge-SP var ugild og deltok ikkje i handsaming av denne saka.

Etter mottatt varsel fra ein tilsett i gamle Meland kommune, gjorde kontrollutvalet i gamle Meland kommune ein forenkla forvaltningskontroll (jf. sak 49/19 og 55/19). I møte den 18.12.2019, la revisjonen fram resultatet av si undersøking. Undersøkinga avdekket ei rekke alvorlege og kritikkverdige tilhøve som mellom anna omfatta brot på reglar om habilitet, brot på reglar om konkurranse, manglande dokumentasjon og manglande avtaleverk med privat grunneigar.

Kontrollutvalet i Meland kommune ba den gong rådmannen om å iverksetje tiltak for å innskjerpe krav til oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon i organisasjonen og gjere greie for dette overfor det nye kontrollutvalet for Alver kommune.

Alver kontrollutval fekk i lukka møte orientering om saka i møte den 10.02.2020. I møtet den 26.05.2020 orienterte den nye administrasjonen om den interne gjennomgangen av saka og oppfølging av tiltak i etterkant. Utvalet fekk informasjon om innskjerping av oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon i organisasjonen samt ulike, nye interne regelverk.

Det ble fatta eit samrøystes vedtak om å ta saka og informasjon frå administrasjonen i møtet til orientering. Det blei samstundes lagt særleg vekt på at tiltak om oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon blir følgt opp av rådmann.

Etter dette møtet har dokumentasjonen i saka vore offentleg.

Etter at saken var til handsaming i Kontrollutvalget, har FNB Alver hatt ein ny gjennomgang av saka som følgje av saka sin alvorlege karakter.

Administrasjonen sine forbetringstiltak ser kun framover. Det er sjølvsagt bra og viktig at ein kan hindre liknande saker i framtid, men kva med ansvar for dei lovbrudd som alt har og som kan ha hendt? Dei lovar og reglar revisjonen har avdekket brot på, har som føremål å sikre tillit til forvaltninga og hindre meir alvorlege handlingar som korrupsjon og anna myndighetsmisbruk. Når alvorlege brot på lov- og regelverk no er avdekket, finst det ikkje tillit til at det ikkje også har funne stad endå meir alvorlege lovbrøt, som til dømes straffbare handlingar.

FNB meiner at når revisjonen finn alvorlege rettsbrøt om tilhøve som har hatt stor kostnad for kommunen sine innbyggjarar, så veit vi, og forskning viser og, at meiralvorlege handlingar kan ha funne stad. Som folkevalde har vi eit ansvar for at kommunen sin aktivitet finn stad innanfor deirettslege og etiske rammer som gjeld. FNB Alver foreslår difor å oversende revisjonsrapporten til politiet for anmelding av moglege straffbare handlingar. Vi meiner bestemt at Revisjonsrapporten fortel om moglege straffbare hendingar. Desse bør då eventuelt forfølgjast, då det ikkje skal eller kan vere skilnad mellom innbyggjarane i relativt like saker, som vil kunna oppfattast som at kommunen handsamar Kong Salomo og Jørgen Hattemakar etter ulike prinsipp.

Forslag til vedtak:

På bakgrunn av revisjonsrapporten, vert det sendt anmelding til politiet for etterforskning/vurdering av om det har blitt begått straffbare forhold i Meland/Alver kommune.

Svar frå ordførar:

Ordførar vil minne kommunestyret og interpellanten om at reglementet for politisk styring seier at interpellasjonar skal brukast til spørsmål av prinsipiell art, og vil således oppmode alle til å følgje dette ved seinare interpellasjonar.

Interpellanten viser til ei sak som vart handsama i kontrollutvalet 26.05.20. Saka vart første gong handsama i kontrollutvalet i Meland 5.12.19 og følgd opp 18.12.19 med vedtak om å sende over til kontrollutvalet i Alver. Kontrollutvalet i Alver handsama saka i møte 10.02.20 og 26.05.20. Kontrollutvalet konkluderte og avslutta saka i sitt møte 26.05.20.

Ordførar har tillit til at kontrollutvalet har handsama saka på ein god måte.

I sak 050/20 har kommunestyret i dag fått framlagt protokollen frå kontrollutvalet sitt møte 26.05.20 som melding/orientering, og kommunestyret har fatta vedtak i saka. Ordførar vil vise til vedtaket som vart gjort i denne saka, og med bakgrunn i dette vil ordførar fråå å realitetsbehandle denne saka, og anser saka som avslutta.

Forvaltningsrevisjon er kommunestyret sitt verktøy for å gjennomgå rutinar og sjå til at lovar og regelverket blir etterlevd og politiske vedtak følgt opp. Vi skal i kommunestyret i haust vedta ein plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden. Kommunestyret har i sak 050/20 i dag bedt om at rutinar for habilitet og habilitetskrav blir lagt inn i plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret skal vedta hausten 2020. Det blir kontrollutvalet si oppgåve å følgje opp planen og leggje resultatata fram for kommunestyret i tråd med planen.

Røysting over realitetshandsaming av 2.interpellasjon.

Framlegg om handsaming fekk 6 røyster og fall (FNB)

3. spørsmål frå N.M.Aadland- H:

Vi har fått fleire innspel frå innbyggjarar i Alver kommune som er plaga av forsøpling i bustadområde.

Det gjeld spesielt grunneigarar som opplever at nabo har mange gamle bilar/bilvrak ståande på si tomt over lang tid, opp til fleire år. Dette er ei miljøutfordring, og er også både skjemmande og visuelt forureinande. For nokre innbyggjarar er dette så krevjande at det går på helsa laus.

Etter det eg kjenner til har Alver kommune mottatt klager på denne type problemstillingar utan at det har ført til betring.

Spørsmålet mitt er: Korleis følgjer Alver kommune opp denne type saker, og har ein sett på kva måte andre kommunar i Bergensområdet handterer denne type utfordringar?

Svar frå ordførar:

I Alver kommune er det avdeling for Miljø og tilsyn som følgjer opp saker som gjeld forsøpling. Dette er ei nyoppretta avdeling i Alver, som mellom anna jobbar i samarbeid med NGIR, miljøretta helsevern og brannvesenet.

Vi er kjent med at ansvar og oppfølging av denne type saker er ulikt handtert i omeignskommunane.

Miljø og tilsyn har aktiv oppfølging med denne type saker, og i fleire av dei er det no gitt pålegg om opprydning, og det blir gitt tvangsmulkt dersom opprydning ikkje er gjort og meldt tilbake til kommunen innanfor den fristen som er satt i vedtaket.

4.spørsmål frå N.Bognøy-AP:

Alver kommune manglar tømme fasilitetar for septik til bubilar og båt etter det ein kjenner til. Saka er m.a løfta av Nrk Hordaland.

Vi er kjend med at det er stor trafikk langs E39 med bubiltrafikk, samt besøk elles i kommunen med nemde kjøretøy. Det er også mykje fritidsferdsel på sjø i Alver kommune.

Har ordførar kunnskap på om det føreligg planar for etablering av tømme fasilitetar snarleg? Og om planar er lagt, kva fasilitetar er tenkt og kvar er desse i så fall lokalisert? Har ein også nokre tankar om eventuell drift og moglege samarbeidsformer knytt til eit slikt eller slike anlegg., på land og eller ved sjø?

Svar frå ordførar:

Kommunen skal sørge for nødvendige anlegg for tømning av avløpsvatn frå bubilar og

fritidsbåtar, jf forurensingslova § 26.

Tømmestasjon for bular:

Organisasjonen Norsk Bobilforening samarbeider med Bobilplassen.no om oversikt over tømmestasjonar. Verken Meland, Radøy eller Lindås har hatt slike anlegg tidlegare, av ulike årsaker. Hovudgrunnen er at det finst tømmestasjonar for bular i nærleiken og situasjonen har ikkje vore definert som kritisk (eller nødvendig); Hylkje i Bergen, Mastrevik i Austrheim, Haugsvær i Masfjorden og Mo i Modalen.

For Alver sin del vurderer rådmannen å kartlegge mogelege lokasjonar for tømmestasjonar for bular, ev i samarbeid med campingpasseigarar, NGIR eller andre. Slike anlegg må finansierast særskilt, utanom vatn- og avløpsområdet. Kommunen kan fastsette gebyr for å dekke kostnadene til tømning og drifta elles, jf forurensingslova § 34 om avfallsgebyr.

Ev investering i tømmestasjon for bular i kommunal regi blir i så fall fremja i budsjettprosessen.

Avløpsvatn frå fritidsbåtar:

I følgje organisasjonen Båtliv fins det ikkje ei landsdekkande oversikt over tømmestasjonar, men eit privat initiativ viser at det er tømmestasjonar i Florø, Hardbakke i Solund, i Bergen (Bergen Havn AS) og på Stord. Bergen Havn AS er eit havnesamarbeid som ivaretar m.a. Alver sine oppgåver. Rådmannen har ikkje sett at Alver skal starte eit eige arbeid med tømmestasjon for fritidsbåtar. Kvar av dei gamle kommunane har elles avfallsplanar for småbåthamner, godkjent av fylkesmannen.

5.spørsmål frå L.Johnsen-MDG:

Eg har i dag fått vite at det også i år er eit svanepar med ungar som blir truga og plaga av hurtiggåande båtar og vasskuterar i Rosslandsvågen. Dette har vore tilfelle i fleire år. Også andre stader i Alver har hatt liknande tilfelle og uheldige episodar.

Svanen er ein stor fugl og kan vere farleg særleg for barn når han blir truga til å forsvare seg og sine. Den tragiske historien om "Havnesejfsvanen" i Os bør vere vel kjent og ikkje noko me ønskjer å oppleve i Alver.

Eg ber derfor at kommune no før ein sommar med forventa stor auke i småbåttrafikken gjer kjent og tydeleg flg:

1. Reglar for vern av hekkande sjøfugl i kommunen vår.
2. Regler for ferdsel med hurtiggåande småbåtar og vasskuterar, særleg i farvatn der sjøfugl hekkar.

Eg ber også om at kommunestyret kan få ei orientering om dette i møtet 25. juni og om korleis kommunen kan informere publikum om både reglar, moglege verneiltak og sanksjonar mot regelbrot.

Det vil kunne hjelpe for å få merksemd om problemet og forhindre at det utviklar seg. Ein kommune og region med så mye flott kystlandskap til rekreasjon for båtfolket må ta godt vare på dette naturmiljøet.

Svar frå ordførar:

Øyer, skjær og holmer i Alver kommune er ettertrakta hekkeområder for fleire artar av sjøfugl. Samtidig er det svært mange av oss som nyt fritida på sjøen, og det er viktig at vår ferdsel ikkje råkar fuglelivet. Sjølv korte forstyringar i hekketida kan spolere ein heil hekkesesong ved at foreldra skyr reiret, eller at ubevokta fuglungar vert tatt av kråker eller måker.

Ei rekkje viktige hekkeområder for sjøfugl i Alver kommune har status som verneområde med verneplanar for sjøfugl og ferdselsforbod i hekkeperioden. I tida f.o.m. 15 april t.o.m 31 juli er det forbod mot ilandstigning, opphold og ferdsel i desse verneområda i ei sone på 50 m fra land, viss ikkje anna grense er markert. Vernområder med ferdselsforbod er merka med skilt. Statens naturoppsyn har ansvaret for oppsyn, og håndhever ferdselsforbodet saman med

politiet. Verneområda med tilhøyrande forskrifter finn ein på <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/norges-verneomrader/> Sjøfugl hekker også utenfor verneområdene og fuglane kan ha små unger også i perioden etter ferdselsforbodet. Her er fuglane beskytta av blant anna naturmangfoldlovas generelle aktsomhetsplikt – einkvar skal opptre aktsomt og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet. Friluftslova set krav om hensynsfull og varsam ferdsel for hindre at vi påfører miljøet skade. Småbåtlova stiller krav til navigering av båt slik det ikkje oppstå fare for liv og helse, miljø eller materielle verdier.

Reglar for hurtiggåande småbåtar

Regler for ferdsel med hurtiggåande småbåtar og vannscooter er regulert etter småbåtlova. Vannscooter er likestilt med småbåtar. Småbåtlova stiller krav til navigering av båt slik det ikkje oppstå fare for liv og helse, miljø eller materielle verdier Kommunar har gjennom ulike regelverk muligheter til å gje lokale reguleringer av fart og bruk av kommunens sjøområder, samt elva og innsjøer gjennom motorferdselsloven og havne- og farvannsloven. Alver kommune har ingen lokal forskrift som regulerer bruken av vannscooter utover småbåtlova. Men fleire av våre vågar, sund og kaiområder er skilta med krav om redusert fart.

084/20: NOU 2019: 23 Ny opplæringslov (kulturskule) - høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre sluttar seg til føringane i vurderinga, og gir rådmannen fullmakt til å utforme høyringsvar i samsvar med desse»

Alver kommunestyre 25.06.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 084/20 Vedtak:

«Alver kommunestyre sluttar seg til føringane i vurderinga, og gir rådmannen fullmakt til å utforme høyringsvar i samsvar med desse»



NOTAT TIL KOMMUNESTYRET, MØTE 25.06.2020

Gjeld: Oppfølging av formannskapet sitt vedtak sak 067/20, møte 11.06.2020

Er det mogleg å gje tilbod om Open hall innanfor perioden 27. juli til skulestart?

Rådmannen har vurdert problemstillinga etter:

- Kommunen sitt ansvar for smittevern og smittesporing.
- Kommunen sin kapasitet til å vere arrangementsansvarleg.

FO- 067/20 Vedtak:

Vedtaket skal førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Kommunale bygg og aktivitetar

- Alle kommunale idrettshallar vert opna for utleige frå mandag 27. juli 2020. Formannskapet bed rådmannen leggja fram ei vurdering til kommunestyremøtet 25. juni om det vil vera mogleg å gje tilbod om Open hall innanfor perioden 27. juli til skulestart.
- Alle andre kommunale bygg, garderobeanlegg og svømmehallar skal vere stengd for utleige fram til 20. august 2020
- Utandørs idrettsanlegg kan vere opne for aktivitet i samsvar med nasjonale smittevernreglar.
- Alver kommune kontaktar Nav for å orientera om aktivitetstilbod retta mot born og unge sommaren 2020. Mål er å dela kunnskap om dei aktivitetar ein kan delta i i løpet av sommaren.

1. Kva er Open hall?

Open hall er ei nemning på ålmenne og eigenorganiserte aktivitetstilbod i idrettshallar, der vi innafør gode rammer legg til rette for at barn og unge kan nytte seg av hallane til fysisk aktivitet og leik. Open hall-tilboda har ein viktig funksjon som



sosial møteplass på fritida utanfor organisert aktivitet, og særleg i skuleferiar. Barn og unge kan fritt komme og gå når dei vil, og benytte seg av fasilitetane. I hallane legg hallvertar eller aktivitetsleiarar til rette med til dømes matter, tjukkasar, ballar, hoppeslott, sumodraktar og boblefotball, med lokale variasjonar. Dette utstyret står til fri disposisjon for dei besøkande.

Gjennomsnittleg besøkstal i Open hall er kring 300 på ein dag, men det er ikkje uvanleg med opp til 600 besøkande. Det er normalt ingen påmelding.

I Alver har tilboda i større grad retta seg mot ungdom i skuleferiar, men og med stort innrykk av mindre barn. I gamle Lindås fann Open hall stad kvar dag i haust- og vinterferiane, og i sommarvekeane utanfor fellesferien. Dette var i regi av Nordhordland ballklubb i Nordhordlandshallen, mot kompensasjon, og Lindås IL i Lindåshallen. Knarvik IL hadde gjennom året Open hall på fredagar i Nordhordlandshallen. Utstyret er kjøpt inn både av laga og kommunen.

I gamle Radøy vart Radøyhallen generelt nytta mykje av ungdomsklubben, og Open hall vart arrangert i skuleferiar i regi av klubbleiarar frå Radøy ungdomsklubb og frivillige. Tilbodet vart ikkje arrangert kvar dag i desse feriane, men på utvalde dagar. Utstyret var kjøpt inn av ungdomsklubben.

Tilsvarende laga UNG Meland til Open hall i Meland Aktiv nokre dagar i skuleferiar, i regi av klubbarbeidarane på ungdomsklubben på Frekhaug og frivillige. Utstyret var kjøpt inn av ungdomsklubben og frivilligsentralen.

I Alver er Open hall slik det var i Lindås, ikkje finansiert. Tilbodet er likevel tatt i vare ved at dei fem ungdomsklubbane har rigga seg for open hall-tilbod i skuleferiar i samarbeid med lag og organisasjonar: Nordhordlandshallen, Lindåshallen, Radøyhallen og Meland Aktiv. Dette tilbodet vil i skuleferiar gi eit Open hall-tilbod tilnærma kvar dag, på rundgang mellom hallane, og stå i direkte samanheng med andre aktivitetstilbod og normal klubbdrift rundt i kommunen.

Under normale forhold ser vaktmeistrane til lokala med Open hall med jamne intervallar i løpet av dei vekene hallane er opne. Normalt reinhald har vore utført kvar dag.

2. Vurdering av smittevernreglar for aktivitet og kommunen sitt ansvar

Bedriftshelsetenesta AktiMed er beden om å gjere ei vurdering av smitterisiko knytt til Open hall. Vurderinga og ROS - analysen ligg ved dette notatet i heilskap.



Konklusjonen frå AktiMed er:

«Åpen hall (uorganisert trening/aktivitet) frarådes på det nåværende tidspunkt (24.06.20). Dette er i tråd med anbefalinger fra norske helsemyndigheter.

Det vil være for mye usikkerhet rundt antall personer tilstede, tilstedeværelse av personer fra utbruddsområder, risikogrupper og annet.»

I vedlegget går det fram kva for vurderingar som er gjort, basert på gjeldande regelverk.

3. Vurdering av arrangementteknisk kapasitet

Arrangementsteknisk ser vi ikkje at det er forsvarleg å gjennomføre Open hall som følgje av dei omfattande smittevernomsyna som må takast.

3.1 Tal på deltakarar

Ved gjennomføring av offentlege arrangement er det no tillate med opp til 200 deltakarar, dersom 1-metersgrensa kan oppretthaldast. Det er varsla at arrangement med opp til 500 deltakarar tidlegast kan gjennomførast etter 1. september 2020. Formuleringa i rettleiaren er uklar om grensa gjeld 200 personar per arrangement, eller 200 til ei kvar tid. Helsedirektoratet sette stopp for gjennomføring av framsyningar i Kristiansand dyrepark med fleire adskilde grupper på 200 deltakarar til stades. Det vert derfor vurdert at grensa på 200 har som intensjon å leggje avgrensingar på deltakingar i løpet av heile arrangementet.

Retningslinjene peiker elles til grupper på 20 når det gjeld organisert trening for personar under 20 år. Det er tillate med fleire grupper på 20 til ei kvar tid, dersom treningsarealet tillet dette. Desse gruppene bør haldast til deltakarar som elles samlast i andre samanhengar, og gjerne til ulike tidspunkt.

Den samla arrangementstekniske vurderinga er at Open hall berre kan gjennomførast med 2-3 grupper på 20 personar til ei kvar tid, opp til 200 i løpet av ein opningsdag. Desse må registrerast ved ankomst, og helst samlast etter skulekrins.

3.2 Avstand

Vi vurderer at Open hall ikkje oppfyller krava knytt til unntak for 1-metersregelen.

1-meters grensa gjeld ikkje for personar under 20 år, som deltek på ulike organiserte fritids- og ferietilbod, eller under organisert idrettstrening. Når det gjeld Open hall vurderer vi dette til å vere ein hybrid mellom organisert og eigenorganisert aktivitet. Rammene for tilbodet er organisert, men sjølv gjennomføringa av aktiviteten står



barn og unge fritt for sjølve. Felles for unntaka frå 1-metersregelen er at dei gjeld deltakarar og utøvarar, men ikkje for publikum. Utan påmelding for deltaking, er brukarane av tilbodet i eit grenseland for om dei er deltakar eller publikum.

3.3 Reinhold

Vidare er det krav til reingjering av felles utstyr mellom aktivitetane. Dette er svært komplekst. Krava til smittevern medfører at ein del utstyr må reingjerast mellom kvar gruppe på 20 personar, derav hoppeslott og tjukkasar.

3.4 Påmelding

Vidare skal arrangøren ha ansvar for smittevern og smittesporing, og må uavhengig av påmelding registrere alle som er innom.

Påmelding for deltaking i Open hall er gjennomførbart, men erfaringa vår er at det krev eit aktivt arbeid og nærvære opp mot ungdomsmiljøet for å byggje ein tradisjon og forståing for å melde seg på aktivitetar. Eit vellukka arrangement med påmelding har gjerne gjennomført dette leddet i sjølve ungdomsklubbane. Denne kontaktflata har vore broten under korona, og er no under gjenoppbygging. Vidare er ikkje Open hall eit tilbod folk er van med å melde seg på, der det elles har vore fritt.

Open hall samlar normalt 300-600 personar. Vi vurderer at påmelding kkje vil redusere den store arrangementstekniske risikoen i stor nok grad. Open hall trekker til seg barn og unge, og det er fare for at det blir samla større folkemengder som ikkje kan komme inn utanfor hallen. Desse vil verte utan oppsyn eller registrering.

3.5 Drift og tilsyn

Normal drift av open hall er relativt slank, der vi har 2-4 aktivitetsleiarar eller hallvertar til stades med omsyn til sikkerheit. Det er normalt at barn under 5. klasse må komme i følgje med vaksne.

For å overhalde smittevernreglane må kommunen som ansvarleg arrangør stille med mange fleire tilsette. Dei tilsette må følgje opp kvar si gruppe, og sørge for overflatereinhold mellom gruppene.

Det var frå før korona planlagt eit omfattande sommaraktivitetstilbod i regi av frivilligsentralane og ungdomsklubbane, for barn og unge i Alver. Grunna korona vart ressursane som var lagt til å drive Open hall i sommarferien styrt inn til dette aktivitetsprogrammet, for å styrke talet på utandørsaktivitetar til erstatning for Open



hall Dersom Open hall skal gjennomførast, må vi tilsette fleire aktivitetsleiarar og medarbeidarar til å organisere desse og føre tilsyn.

Rådmannen si oppsummering

Hallvertar og aktivitetsleiarar som under normale forhold organiserer Open hall tilbodet, er involvert i aktivitetsplanen som kulturavdelinga har lagt til rette for i sommar, med utvida tilbod for born og unge i alle målgrupper.

Eit smittevernreinhold i høve til Folkehelseinstituttet sine retningslinjer inneber ei vesentleg auke av reinholdet i dei aktuelle vekene, ved kontinuerleg reinhold i lokala, på berøringsflater og på materiell. Dei ressursane har ikkje Alver kommune tilgjengeleg i eigne rekker. Det har heller ikkje lukkast å få tilslag frå eksterne firma pga ferieavvikling.

Om lag og organisasjonar er villige til å ta på seg smittevernreinholdet og utføre dette på dugnad, krevs målretta opplæring. Alver kommune vil uansett stå ansvarleg dersom dette sviktar.

Risikoanalysen som AktiMed har bidratt med er klar på kva ansvar kommunen eventuelt tar på seg i Open hall konseptet og kor risikofylt denne aktiviteten er. Ut i frå smittevernomsyn og kapasitet vil det ikkje vere forsvarleg å gjennomføre Open hall i sommar.

Formannskapet har opna for i hallane frå 27.07.2020 til skulestart. Hallvakter, tilsyn, smittevernreinhold og vaktmeistertjenester vil bli organisert slik at kommunen sitt ansvar blir ivaretatt i denne perioden.

2. Vurdering av smitterisiko knyttet til åpen hall i forbindelse med Covid-19 pandemi:

AktiMed er blitt bedt om å gjøre en vurdering av smitterisiko knyttet til åpen hall i Alver kommune.

Årsak til vurderingen:

«Formannskapet bed rådmannen leggja fram ei vurdering til kommunestyremøtet 25. juni om det vil vera mogleg å gje tilbod om Open hall innanfor perioden 27. juli til skulestart.»

På generell basis er åpen hall en benevning på allmenne og egenorganiserte aktivitetstilbud i idrettshaller, der en legger til rette for at barn og unge kan benytte seg av hallene til fysisk aktivitet og lek.

Åpen hall betyr at barn og unge fritt kan komme og gå når de vil, og benytte seg av fasilitetene. I hallene legger hallverter eller aktivitetsledere til rette for lek på matter, tykkere matter, lek med ball, og for eksempel aktivitet i hoppeslott, bruk av sumodrakter, boblefotball. Aktivitetstilbudene har ofte lokale variasjoner. Dette utstyret står til fri disposisjon for de besøkene.

Det vil være derfor være usikkerhet rundt antall personer tilstede, tilstedeværelse av personer fra utbruddsområder, risikogrupper og annet.

Konklusjonen på vurdering av smitterisiko i forbindelse med åpen hall vil derfor være:

Åpen hall (uorganisert trening/aktivitet) frarådes på det nåværende tidspunkt (24.06.20). Dette er i tråd med anbefalinger fra norske helsemyndigheter.

Det vil være for mye usikkerhet rundt antall personer tilstede, tilstedeværelse av personer fra utbruddsområder, risikogrupper og annet.

En vil i avsnittene under gjøre en oppsummering av gjeldende regelverk fra norske helsemyndigheter, nasjonale veiledere knyttet til idrett og til slutt sette dette inn i en risikoanalyse.

Generelt:

Type smitte:

Covid-19 smitter hovedsakelig via dråpe- og kontaktsmitte.

Viruset spres i størst grad ved hoste og nysing – og mindre ved normal tale/snakking.

Fordi viruset finnes i for eksempel spytt og snørr hos personer som er smittet, bør spyting unngås og håndhygiene bør utføres etter snyting eller tørking av snørr.

Gjeldende regelverk:

Det er utarbeidet egne retningslinjer og anbefalinger for idrett, idrettshaller mv:

- ✓ Covid-19 forskriften § 15b
- ✓ Helsedirektoratet: Smittevern for idrett (covod-19) oppdatert 18.06.20
- ✓ Folkehelsinstituttet: Råd til idrettsforeninger, svømmehaller, treningssentre, spa mv. (12.06.20)

Generelle smitteverntiltak

Covid-19-forskriften gir det lovmessige grunnlaget for idretts og badeanlegg mv. ref under.

§ 15b. Krav til smittevernfaglig forsvarlig drift ved andre virksomheter

Fornøyelsesparker, svømmehaller, badeland, spaanlegg, hotellbasseng, treningsentre, bingoaller, spillehaller og lignende skal, for å kunne holde åpent, drives smittevernfaglig forsvarlig. Med smittevernfaglig forsvarlig drift menes at virksomheten skal sørge for at besøkende og personell kan holde minst 1 meters avstand til personer som ikke er i samme husstand, at virksomheten har utarbeidet rutiner for god hygiene og godt renhold, og at rutineene blir overholdt.

I retningslinjene fra Helsedirektoratet og rådene fra Folkehelsinstiuttet er det gitt konkrete føringer og anbefalinger både i forhold til smitteverntiltak, organisering mv.

Under er de viktigste rådene oppsummert:

De tre hovedprinsippene for å bremse smittespredning er:

- Syke personer skal holde seg hjemme
- God hånd- og hostehygiene og forsterket renhold
- Holde minst en meters avstand og redusere kontakt mellom personer

Sjekkliste for godt smittevern:

Idrettslagets/foreningens overordnede ansvar:

- Sørge for at ledere/instruktører/frivillige er kjent med gjeldende smitteverntiltak
- Sørge for at det foreligger en plan for håndtering, isolering og oppfølging av mistenkt smittede, samt for rengjøring av lokale eller toalett der den syke har oppholdt seg.
- Gjøre informasjon om gjeldende smitteverntiltak tilgjengelig via informasjonsplakater eller annet informasjonsmateriell
- Informere deltakere/foresatte om gjeldende smitteverntiltak før oppstart. Vurdere om informasjonen bør gjøres tilgjengelig på flere språk
- Sikre at det er tilstrekkelig med trenere/instruktører/frivillige for å kunne ivareta anbefalte smitteverntiltak

Hygienetiltak:

- Sikre at det er nok såpe og tørkepapir tilgjengelig ved alle håndvaskstasjoner og toaletter
- Sikre at håndhygienemuligheter er tilgjengelig for deltakerne
- Henge opp plakater om håndvaskrutiner og hostehygiene

- Henge opp alkoholbasert desinfeksjon der håndvask ikke er tilgjengelig

Redusert kontakt mellom personer:

- Sikre at arealene tillater at avstandskravene kan ivaretas i forhold til antall deltakere
- Legge til rette for at trengsel kan unngås, for eksempel ved å ha forskjellige oppmøtesteder eller oppmøtetider for de ulike gruppene
- Vurder å introdusere merking på gulv for å sikre avstand i områder der det kan oppstå trengsel
- Informere om å begrense bruk av offentlig transport til og fra arrangementet/aktiviteten der det er mulig
- Begrense antall ledsagere

Renhold:

- Gjennomgå lokale renholdsplaner med tanke på organisering, ansvar og ressursbehov, og gjøre tilpasninger der det er behov. Det bør legges en plan for hyppighet og metode for renhold
- Sørge for forsterket renhold av toaletter og hyppig berørte kontaktflater ved gult og rødt tiltaksnivå
- Legge til rette for rengjøring av felles utstyr der det er nødvendig

Nasjonal veileder for «Smittevern for idrett (covid-19)»

Ifølge Nasjonal veileder for «Smittevern for idrett (covid-19)» per 19.06.20, gjelder følgende:

Arrangementer, treningsareal, garderober

Arrangementer og samling i grupper

Det kan gjennomføres arrangementer på offentlig sted med inntil 200 personer på visse vilkår, se Covid-19-forskriften § 13 (1).

Personer som er til stede skal kunne holde minst 1 meters avstand til andre som ikke er i samme husstand. Arrangementer kan likevel gjennomføres selv om kravet til avstand ikke kan overholdes for følgende grupper:

- toppidrettsutøvere ved gjennomføring av idrettsarrangement
- spillere og støtteapparat ved gjennomføring av seriekamper i toppfotball som Norges Fotballforbund har besluttet er klare til å følge forbundets smittevernprotokoller
- personer under 20 år som deltar på sommerskole, sommerleir, aktivitetsleir og andre skolelignende fritids- eller ferietilbud i regi av idretten, samt de som står for arrangementet.

Arrangementer kan for eksempel være kamper, cuper, stevner og liknende, men ikke ordinær trening.

Med inntil 200 personer menes deltakere, tilskuere, foresatte, søsken og andre som er til stede uten å ha oppgaver knyttet til gjennomføringen av arrangementet. Ansatte eller oppdragstakere som står for gjennomføringen av arrangementet omfattes ikke.

Det er et vilkår at det er en ansvarlig arrangør. Arrangøren har ansvar for at kravet om avstand følges, og skal iverksette tiltak som gjør det mulig å ivareta hygiene og at syke ikke deltar på arrangementet.

Arrangøren skal ha oversikt over hvem som er til stede for å sikre en rask smitteoppsporing.

Felles for unntakene er at de gjelder for utøvere og deltakere, men ikke for publikum.

For andre samlinger i grupper, for eksempel ordinære treninger, anbefales som hovedregel gruppestørrelse på inntil 20 personer og avstand på minst 1 meter.

Unntak fra anbefalingen om 1 meters avstand gjelder for barn og unge under 20 år i forbindelse med trening under organisert idrett.

Unntak fra anbefalingen om 1 meters avstand gjelder også for aktiviteter innenfor toppidrett, inkludert toppfotball, der dette er nødvendig for normal utøvelse av idrettsaktiviteten.

For å redusere den overordnede smitterisikoen når det åpnes for tettere kontakt anbefales forsterkede smittereduserende tiltak for disse utøverne.

Unntaket fra avstands anbefalingen ved trening og avstandskravet ved arrangement fordrer at toppidrettsutøverne følger de anbefalte forsterkede smittereduserende tiltakene. Se «Forsterkede smittereduserende tiltak for toppidrettsutøvere med nærkontakt» i kapittelet om Generelle smitteverntiltak og egen veiledning fra NIF og eventuelle særforbund.

Bruk av treningsareal (haller, baner, saler)

Det er mulig for flere grupper à 20 personer å oppholde seg på samme treningsareal samtidig.

Det er da en forutsetning at treningsarealet er av en slik art at gruppene kan holdes adskilt under hele økten og de både enkeltvis og samlet kan overholde smittevernrådene.

Dette innebærer også at aktiviteten bør organiseres slik at gruppene kommer og går til ulike tider for å forhindre trengsel.

Idrettslag/-foreninger bør der det er mulig inndele deltakerne i faste grupper og fortrinnsvis samle deltakere som omgås i andre sammenhenger, for eksempel ved å sette sammen grupper fra samme lokalmiljø, skolekrets eller lignende.

Garderober og treningsrom

Garderobene i idrettshaller og idrettslag er åpne.

For at avstandskravet skal kunne overholdes, bør det tilrettelegges for minimum 1 meters avstand mellom personer i dusjanlegg og i garderober, for eksempel ved at annethvert skap og annenhver dusj er avlåst dersom avstanden mellom dem er under 1 meter.

For ytterligere beskrivelse av smitteverntiltak i garderober og treningsrom, se Idrett, trening og svømming på Folkehelseinstituttets nettsider.

Vurdering av forhold som påvirker risiko:

Risikofaktor	Vurdering	Risikoreducerende tiltak
Smittespredning av covid-19 i kommunen	Ved lokal smittespredning er det stor risiko for smitte ved arrangementer. Smittespredning i lokalsamfunnet er nå moderat/lav.	Dersom åpning blir aktuelt må ansvarlige følge med i lokal smittespredning og vurdere stengning, adgangsbegrensning dersom økende lokal smittespredning. Plan for dette bør utarbeides. Det vil være naturlig å bruke de vurderinger kommuneoverlegen gjør i forbindelse med skole og barnehage: trafikklysmoell. Ansvarlig bør sikre at en blir varslet ved endringer i smittesituasjon slik at tiltak kan tilpasses risikonivå.
Mangelfull kontroll av oppfølging av smittevernregler og avstandsregler	Ved åpen hall vil en ha sannsynligvis ha relativ lav kontroll med hvordan smittevernreglene følges opp. Herunder renhold og vask av utstyr mv. En vil også ha mindre oversikt over hvilken kunnskap brukerne har om smittevern	Styrke tilstedeværelse og kontroll i hallene. Vurdere hygienereglene utviklet for treningsentre mv.
Mangelfull kontroll over brukerne i forhold til grad av kontakt, samt kontakinfo	Ved åpen hall vil det være risiko for at en ikke vil få god nok kontroll over brukerne, hvilke brukere som kan ha hatt kontakt mv. Dette vil kunne gi problem ved eventuell oppsporing av nærkontakter	God fremmøte registrering og tidsstyring av fremmøte med avgrenset tid – og tømning av hall mellom hver pulje vil gi tydeligere kohorter og gjøre nærkontaktoppsporing lettere.
Stor kontaktflate, innbyggere fra mange miljøer vil samles.	Åpen hall vil kunne samle brukere fra mange miljøer. Dette øker risiko for spredning mellom ulike miljøer i kommunene. Sannsynligvis en stor risiko.	Haller åpne for «lokale grupper» vil gi mindre risiko for spredning. For eksempel åpne haller for elever på enkelte skoler, områder mv.
Risikogrupper	Personer med underliggende kronisk sykdom har høyere risiko for alvorlig forløp av covid-19. Risiko for alvorlig sykdom blant barn er relativt lav.	Sikre god informasjon Hygienetiltak
Innendørs eller utendørs arrangement	Det er større smitterisiko ved innendørs arrangementer enn utendørs.	Vurdere om en kan åpne utendørs arenaer.
Antall deltagere / utøvere	Et stort antall deltagere og tett kontakt øker risiko for smitte. Avstandskrav (minimum en meter mellom personer) må	Adgangsstyring og faste tidspunkter med tømning av hall/garderobe vil redusere gruppestørrelse i praksis i forhold

	<p>overholdes. Gruppestørrelse 20 personer. Det er mulig for flere grupper à 20 personer å oppholde seg på samme treningsareal samtidig. Dette innebærer at aktiviteten bør organiseres slik at gruppene kommer og går til ulike tider for å forhindre trengsel.</p> <p>Det er vanskelig å få dette til med åpen hall når deltagerne kommer og går til ulike tider.</p> <p>Små barn må ha med seg foreldre under aktiviteten. Dette øker risiko for smitte.</p>	<p>til dråpesmitte. Kontaktsmitte er vanskeligere å kontrollere for uten mer omfattende og kostbare rengjøringstiltak.</p>
Tilstedeværelse av personer fra utbruddsområder	<p>Dette er vanskelig å kontrollere i en åpen hall med fri oppmøte og fri bevegelse.</p>	Ikke mulig å kontrollere
Renhold	<p>Renhold bør være et fokus, med daglig renhold av hall, men også styrket renhold på utsatte kontaktflater. Hyppighet av renhold av kontaktflater avhenger av hvor mange som er i hallen samtidig og hvilke kontaktflater som er mest utsatt. Apparater/utstyr bør også rengjøres mellom hver bruker.</p> <p>Dette er vanskelig å få til i en åpen hall med mange barn og mange kontaktpunkter.</p>	Meget vanskelig å utføre
Varighet på arrangementet som åpen hall	<p>Langvarige arrangementer vil kunne øke sannsynlighet for smittespredning</p>	Vurdere å korte ned arrangementer.